

Dato: 14.02.2025

Referat frå møte i samarbeidsutvalet 11.2.25.

Tilstades:

Kristian Hognestad, FAU
Ingrid Underhaug Nielsen, FAU
Hanna Aase Undheim, tilsett
Kristin Sando, tilsett
Kjetil Hustoft, politikar
Lilja Garborg Horpestad, elev
Jonas Lomeland, elev
Jens Garborg Horpestad, elev
Ingveig Nærland Ødegård, rektor
Asgeir Lystvet, avdelingsleiar

Sak 12 Kort orientering om resultat og oppfølging NP (Asgeir)

Me ser at elevane på Hognestad skårer over snittet i Time kommune på lesing og matematikk, men ligg litt under i engelsk. Dog ser me at resultata i engelsk går rette vegen år for år. Me ser at oppgåver med leit og finn, oppgåver med alternativ, samt reine faktaspørsmål går greitt. Elevane har meir utfordringar med oppgåver som gjeld tolking og refleksjon, fleire ledd ein må løysa, oppgåver med mykje tekst, spesielt om teksten ikkje interesserer dei. Det er òg ein del som slit med divisjonsoppgåver. Oppgåvene er laga slik at ikkje alle skal få til alt.

Korleis vil skulen arbeida vidare med funna? Me ser at me ikkje har klart å løfta mange nok frå 5.- til 8.trinn der neste nasjonale prøve er. Skulen har sett på resultata i år, og dei siste åra, og vil arbeida vidare med å gå djupare inn i tekstar, arbeida med tekstar med konkurrerande informasjon, samt skriva meir. Me vil fortsetja med klasselesekurs, gjera elevane til meir sjølvstendige lesarar og arbeida med å trekka ut informasjon. Det er laga ein plan for korleis ein vil arbeida vidare med dette på dei ulike trinna. Det vert òg brukt gamle prøvar til å førebu elevane, samt at me arbeidar med dei type oppgåver der elevane skårer dårlegast, også på småtrinnet.

Sak 13 Kort orientering resultat og oppfølging elevundersøkinga (Asgeir)

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking for 5.-7. trinn der ein undersøker trivsel, motivasjon, mobbing, tilbakemeldingar frå lærar m.m. I undersøkinga ser me at me skårer over gjennomsnittet i forhold til landet på trivsel og motivasjon, samt mål for timen. Men, me ligg under gjennomsnittet på dei spørsmåla som handlar om tilbakemelding frå lærar på kva som er bra med arbeidet, samt kva dei må gjera for å verta betre i faget.

Innspel frå elevrådet er at dei ynskjer meir konkrete tilbakemeldingar om *kva* som er bra og *kva* ein må gjera for å verta betre i faget, og ikkje berre i elevsamtalane.

Når det gjeld mobbing er det ingen elevar som kjenner seg krenka av vaksne. Det er nokre elevar som har svart at dei har opplevd mobbing siste månadane (august til november), men tala er prikka sidan det er så få i klassane. Det er noko digital mobbing, men det er lite.

Korleis følger Hognestad skule opp elevundersøkinga? I løpet veke 10 og 11 skal 4.-7. klasse gjennomføra Olweusundersøkinga. Den går meir i djupna og me får fleire svar i forhold til mobbing.

I tillegg har alle elevane vekesjekk på vekeplan eller papir (smilefjes/krysseskjema), kor elevane krysser av på korleis veka har vore og om dei ønsker å snakka med ein voksen.

To gonger i året gjennomfører alle klassane sosiogram. Der ein kartlegg kven elevane liker å arbeida med i timane og vera i lag med i friminutta.

Sak 14 Kringsgrenser – kva er gjort? (Kristian)

SU og FAU har kome med sine innspel. Saka har vore oppe i Levekår og skal opp i kommunestyret 19. Februar. Det ser ut for at det kanskje berre kjem til å gjelda ungdomsskulane. I så fall blir det rettleiande kringsgrenser for barneskulane. Det synest FAU og SU er positivt for Hognestad skule sin del.

Sak 15 Anna

Besøk - Sist fredag (7. februar) fekk Hognestad skule besøk av Trygve Slagsvold Vedum og Geir Pollestad, i lag med to lokale Senterparti politikarar. Dei var ei lita stund ute i skulegarden. Elevrådsrepresentantane stilte spørsmål, elevane fekk autografer og ein god drøs. Vedum var oppteken av å halda det han hadde lova om å koma til skulen. Det er eitt år sidan han lova det. Det var både spennande og gildt å ha så fint besøk.

Lekser - elevrådet har teke opp spørsmålet om lekser. Elevane har sett på fordeler og ulemper med lekser. Lærarane har fått innspela og drøfta lekser i fellesid. Det vert lekser vidare. FAU har fått sett forslaget frå lærarane. Dette skal det arbeidast vidare med. Det skal ein runde til med lærarane, før det blir teke opp på foreldremøtet og i elevrådet igjen.

Tilsettingar og behov for neste år - Asgeir skal ikkje vera her neste år, resten av personalet vert det same som i år. (Mister 30% stilling i administrasjon, og resten av stillinga hans vert dekka av lærarar som har vore i deltidsstudier dette året).

Ref. Kristin Sando